

Aukande besøk i TI-aren

02.10.2007

TI-aren Cafe i Gamleskulen kan vise til aukande besøk kvar tysdag og må allereie no karakteriserast som eit vellukka tiltak.

Opningsdagen kom det 25 og andre tysdagen 27 medan det tredje tysdagen (i dag) var rundt rekna 40 gjester.

Denne dagen var det ein trio frå Neset som hadde ansvaret for serveringa. Johanna Yri, Guri Eide og Eva Myklebust kunne mellom anna frista med nysteikte vaflar. Dei var så gode at lageret vart tømt!. Med andre ord lønar det seg å vera tidleg ute.